

AUSTRHEIM KOMMUNE
Sætre marka 2
5943 AUSTRHEIM

Dato	17.04.2023
Vår referanse	2023/55835-2
Dykkar referanse	23/390 - 4 / ANT
Sakshandsamar	Kari Elster Moen
E-post	Kari.Elster.Moen@vlfk.no
Telefon	95288829

Uttale til søknad om dispensasjon - garasje - gnr. 131 bnr. 68 - Austrheim kommune

Vestland fylkeskommune viser til søknad om dispensasjon frå byggegrense som er sendt oss til uttale 29.03.2023.

Det er søkt om oppføring av garasje i strid med byggegrensa i reguleringsplan for skule og barnehageområdet på Kaland i Austrheim. På situasjonsplanen er det vist at garasjen er søkt plassert med nærmaste bygningsdel 17,9 meter frå vegmidte på fylkesveg 565 Austrheimsvegen. Bustadhuset på eigedomen har nærmaste bygningsdel 15,7 meter frå vegmidte, i følgje situasjonsplanen.

Garasjen vil ikkje ligge nærmare fylkesvegen enn bustadhuset på eigedomen. Reguleringsplanen viser at bustadhuset ikkje skal rivast, og det kan derfor påreknast at garasjen ikkje vil medføre ein ekstra kostnad for gjennomføringa av planen. På bakgrunn av dette har vi ikkje merknad til at det vert gjeve dispensasjon.

Med helsing

Linda Hjelmeland
fagkoordinator
INV - Forvaltning Bergensområdet

Kari Elster Moen
senioringeniør
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift